

FITJAR KYRKJEBLAD

Nr 3
JUNI 2016
ÅRGANG 39





DEN NORSKE KYRKJA
FITJAR

Kyrkjekontoret:

Postboks 10, 5418 Fitjar
Telefon: 53 45 85 00
kyrkja@fitjar.kommune.no

Kontortider:

tysdag - torsdag - fredag: kl.10:00 - 14:00
onsdag kl.12:00 - 15:00

Kyrkjeverje:

Rydland, Harald 913 47 802
kyrkja@fitjar.kommune.no

Sokneprest:

Oma, Olav J. 906 38 825
olom@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydsprest:

Lydersen, Fríðleif 471 76 743
frly@fitjar.kommune.no

Kantor:

Overweg, Jan 901 97 069
jaov@fitjar.kommune.no

Kyrkjelydspedagog:

Fyllingen, Silje 456 11 480
sfyl@fitjar.kommune.no

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar

Skumsnes, Kristian 992 23 972

Fellesrådsleiar:

Fitjar, Rasmus 918 24 158

Soknerådsleiar:

Aadland, Helga Olsen 976 72 489

Bakken barnehage:

kontor 53 22 26 00
bakken.barnehage@haugnett.no

Gåver til nytt orgel

kontonr. 3520.64.83812

Gåver til kyrkjelydsprest og kyrkjelydsarbeidet

(Skriv om du vil øyremerke gåva)

kontonr. 3546.29.05805

Redaksjonelt



Guds kjærleik er for alle

Gud ønskjer at vi skal vere i hans kjærleik. Han ønskjer at vi skal leva i hans kjærleik. Gud ønskjer er at hans kjærleik skal verta synleg i våre liv. Han ønskjer at våre liv skal vitna om ham.



Fríðleif Lydersen

I Judas brev 1,21 står det:

«Pass på å bli verande i Guds kjærleik medan de ventar på at vår Herre Jesu Kristi miskunn skal føra dykk til evig liv.»

Vi må passa på å vere i Guds kjærleik. I Joh. 3,16 får vi sjå kor sterk Gud kjærleik til oss menneske er, når han sendte sin einaste son til verda for å frelsa oss. I trua på Guds kjærleik skal vi i Jesus Kristus få evig liv, ikkje fordi vi fortentar det men fordi han elsker oss alle. Guds nådetilbod er til kvar einskild av oss. Du og eg får lov til å velje om vi tar imot eller forkastar Guds nådetilbod. Den som takkar ja til nådetilbodet frå Gud får evig liv. Guds kjærleik er for deg og meg.



Foto: Anne Hardeland

"Fitjar Kyrkjeblad"

er Fitjar sokneråd sitt informasjonsblad.

Adresse:

Kyrkjekontoret / rådhuset
postboks 10, 5418 Fitjar

Redaksjon:

Olav J. Oma (red.)
Fríðleif Lydersen
Karvel Strømme
Torill Hartvedt
Anne Hardeland
Rolf-Atle Rolfsnes
Torbjørn Hovland

Heimeside Fitjar kyrkjelyd: <https://kyrkja.no/fitjar>

Gåver til kyrkjebladet og kyrkjelydsarbeidet gir høve til skattefrådrag.

**Frist for innlevering til neste blad er 2. september
til kyrkja@fitjar.kommune.no**

Neste blad

kjem etter planen 14. september. Har du tips, stoff eller bilete til bladet, er du velkomen til å senda det til oss.

Grafikk: Henta frå freepik.com - **Trykk:** Nils Sund Boktrykkeri AS

Gudsteneste i Dåfjorden

Me har bak oss mange månader med stor aktivitet i kyrkjelyden, både i Fitjar kyrkja og rundt i krinsane. Noko av det som gjorde eit sterkt inntrykk var 2. påskedag ved Dåfjorden Slipp.

Torbjørn Hovland

Verkstedhallen var rydda av dei tilsette, og bygdefolket hadde rigga til med stolar og eit imponerande kakebord. Det vart ei gudsteneste i maritimt og industrielt miljø, mellom stålvalser, truckar og sveiseutstyr.

Skipsklokka på veteranskipet "Granvin" vart nytta som kyrkjeklokke og kollekten vart samla i vernehjelmar. Kanskje verkar Guds ord nærare og sterkare når det kjem i slike omgjevnader enn i eit utsmykka praktbygg?

Ein stor takk til dagleg leiar Steinar Andersen og hans gode stab, og til sambygdingane som tok så godt i mot oss.



Sjelesorg og soknebod

Prestane kan kontaktast om du har ønske om sjelesorg eller soknebod.

Sjelesorg er ei samtale med utgangspunkt i eit kristent perspektiv. Den som ønskjer å snakka med presten kan ta opp det ein sjølv ønskjer i samtalen.

Soknebod er at presten kjem heim til menneskje, som av forskjellige grunner ikkje kjem seg til kyrkje, med nattverd.

I Den norske kyrkja har vi ein eigen liturgi for soknebod, som vi brukar når nokon ønskjer å mota nattverd heime.

De må ikkje vere redde for å ta kontakt med prestane for å be om sjelesorg eller soknebod. Vi kan koma heim til deg der du bur.

Olav 906 38 825 Friðleif 471 76 743

TRENG DU NOKON
Å SNAKKE MED?

Ring eller skriv: Vi er her. Alltid. kirkens-sos.no

SOS
22 40 00 40

SOS
CHAT

SOS
MELDING

KIRKENS
SOS

Ein varm, vakker maidag besøkte Kyrkjebladet Gunn Kari Auestad i Dåfjorden for å høyra om ho har ein spesiell salme ho er glad i.

Anne Hardeland

Gunn Kari vaks opp på Rydland saman med 5 søsken, mor og far og bestemor. Bibel, bøn og song var ein naturleg del i heimen. Songgleda og trua var like viktig som brødet på frukostbordet. Dette har ho teke med seg vidare i sin eigen heim og sine 4 born, og det som vart sådd i barndommen har bore henne gjennom livet.

Ho er utdanna sjukepleiar og lærar og har jobba både som lærar på Fitjar vidaregåande og som heimesjukepleiar, i nattpatrulja og på sjukeheimen. Ho er glad i å vera saman med eldre menneske, og lytta til deira tankar og livserfaring. Dei kan mykje. «Fitjar vidaregåande er ein fantastisk arbeidsplass,» opplever ho. «Dei som arbeider der brenn for at dei unge skal bli sett og kjenna seg verdfulle. Dette er det eit skrikande behov for i vår tid.»

Salmen Gunn Kari har valgt i dag er «Navnet Jesus». Den tydeleggjer det ho ønskjer, at alle, særleg barn og unge, skal få oppleva Gud som far. At dei er gode nok. Han har framtids- og håpstankar for oss. Han har planlagt, skapt og kjenner oss betre enn oss sjølv. Om menneske kan svikta, vil Gud alltid vera trufast. For henne er

teksten viktigast i denne songen. Den fortel kva ho står for, og kva som er drivkrafta hennar: «Gud har kjøpt meg fri og elsker meg uansett kven eg er. Difor skal me heller ikkje døma andre. Jesus har gjort alt, det einaste Gud krev av oss er tru. Og Han har aldri svikta i tronge tider.» Songen har følgt henne heile livet. «Den samlar alle generasjonar, og det er alvor og tyngde bak. Livet er ikkje alltid ein glad melodi, men gleda i Herren er min styrke.»

Om laurdagane treff me henne som primus motor i Laurdagstreffet i Dåfjorden Bedehus. Det samlar gamle og unge, frå 1-70 år, til bollebaking, song med bevegelser, andakt, video og rollespel. Ho er oppteken av rørsler for å understreka tekstane og hjelpa til med å hugsa dei. Dette samlar frå 30-40 menneske kvar gong til samværet. Ho vil formidla at vår oppgåve er å elska mennesket. Me er Jesu føter, hender og auge.

På Leirvik er ho aktiv i Stord Bibelsenter der ho har ulike oppgåver.

Eit fint møte med ei ung kvinne som brenn for å formidla vidare Guds kjærleik og aksept. Me seier tusen takk til Gunn Kari Auestad for hennar engasjement og for den optimisme og kjærleik ho deler med oss. Og me ønskjer henne lukke til vidare i arbeidet!



Navnet Jesus

T. David Welander
M. Fra Zulukirken

Navnet Jesus blekner aldri,
tæres ei av tidens tann.
Navnet Jesus, det er evig,
ingen det utslette kan.
Det har bud til unge, gamle
skyter stadig friske skudd.
Det har evnen til å samle
alle sjeler inn til Gud.

*Navnet Jesus må jeg elske,
det har satt min sjel i brann.
Ved det navnet fant jeg frelse,
intet annet frelse kan.*

Jesu navn! Hvor skjønt det klinger,
la det runge over jord!
Intet annet verden bringer
håp og trøst som dette ord.
For det navn må hatet vike,
for det navn må ondskap fly.
Ved det navn skal rettferds rike
skyte friske skudd på ny.

Midt i nattens mørke blinker
som et fyrlys Jesu navn,
Og hver hjelpløs seiler vinker
inn til frelsens trygge havn.
Og når solen mer ei skinner,
Jesu navn, det lyser enn.
Da den frelste skare synger
høyt dets pris i himmelen!



Båten

Fredag 6.mai var 36 barn i alderen 10-11 år og sju vaksne samla i Breiavikjo til trusopplæringstiltaket «Båten».

Silje Fyllingen

Vi padla kano, var på båttur og trakk garn, steikte fisken, steikte bollar i sjusteinsomn, hadde aktivitetsløype, leika og kosa oss. Ungane fekk høyre forskjellige bibelforteljingar på dei ulike postane. Det var då Jesus stilla stormen, då Han gjekk på vatnet, då Han møtte læresveinane på stranda, og då Han kalla dei til å verte menneskefiskarar. Vi hadde ein flott dag saman.



«Når tåka lettar»

I september var temakvelden via til tankar ikring omsorg for alvorleg sjuke menneske i siste fasen av livet. Institusjonsprest ved Bergen Røde Kors sjukeheim, Idar Simonsen, gav oss eit innblikk i korleis me kan gjera denne tida lettare for dei.

T: A. Hardeland - F: T. Hovland

Han har tidlegare m.a. vore lærar ved folkehøgskule og kyrkjelydsprest i Nordhordland. Dei siste 11 åra har han arbeidd med menneske med demens og ved palliativ avdeling på sjukeheimen. Han er oppteken av at me ikkje skal sjå på menneske som demente, men som menneske med demens. Livet er som eit puslespel, og det er viktig å ikkje fokusera på den biten som er sjuk, men sjå heile mennesket.

«Det finst fleire grader av å gløyma, frå å ikkje hugsa namn på eit ansikt til å gå inn i ei mental eller åndeleg tåke som kan føra til ein mørk vanskeleg depresjon og angst. Då er det viktig å sjå menneska, vera til stades der dei er og finna område der tåka kan letta. For så å gå eit steg vidare saman med dei,» seier Simonsen. Her hadde han eit oppkome av historier, fortalt med lun varme, alvor, humor og latter og stor respekt i ein herleg blanding. Sjølv om ein har ein alvorleg kreftdiagnose, er ikkje heile mennesket sjukt, og det gjeld å fokusera på det som er friskt. Og det er viktig å hugsa at dei gamle ein gong har vore unge, sterke og vakre.

Mange med demens har lett for å hugsa opplevingar frå barndommen og tidlegare tider, og han fortalde mange historier om dette. Korleis dei fann fellesskap ved å snakka om kameratskap, fag, yrke, oppvekst,

song og musikk. «Signe» hadde mist språket, men ho hadde musikken i fingertuppene og lot melodiane renna ut gjennom fingrane. Klapp, kyss og pianospel var det ho hadde lært i oppveksten, og som no var hennar språk. «Tormod» som hadde Alzheimer, hadde sitt eige piano på sjukeheimen og song alltid overstemma. «Johan» snakka usamanhengande, men då han hørde vêrvarslinga for Vestlandet, kom språket, og dei kunne starta ein samtale om Bergen, Nordhordland, Sogn og Fjordane og vidare om heim og skule og barn-domstida. Det er viktig å vera der i den rette augneblinken når tåka lettar for ei stund og spela vidare på det.

Me fekk fleire eksempel på korleis trua kan gi trøyst og fred til menneske som skal dø. Og Simonsen var oppteken av å formidla til dei at sjukdomen ikkje er ei straff for synder ein har gjort. Han viste kor godt det var for dei sjuke å få be «Fadervår» og å få velsigninga. I den siste tida kan det også vera nok å berre få lukka augene medan nokon tek seg tid til å halda deg i handa. Det er viktig ikkje å trakka inn i kjenslelivet til den som er sjuk, men respektera deira ønskje og tåla å vera nær det vanskelege. Me må gi rom for den gode samtalen, den som ikkje skal bevisa eller overtya, men har eigenverdi.



«Geir» var ein lærar som låg på det siste og som Simonsen hadde jamlege gode samtalar med m.a. om livsfilosofi. Ein av dei siste gongene han var på besøk, var han fortvila: «Eg har ingen Gud å gå til med mi sorg slik som du har». Etter eit par dagar ringte han og bad presten ta med seg ein Bibel, og lesa for han. Ved neste besøk vedgjekk «Geir» at han ikkje hadde klart å lesa noko i Bibelen, «men det at den ligg ved sida av meg gir meg tryggleik».

Det vart ei lærerik stund saman med ein engasjert og einestående formidlar av sterke historier frå livets slutt. Tankevekkjande møte med menneske på sitt mest sårbare. Alle fekk me eit varmt handtrykk og «takk for no» med oss ut i kveldssola. Me takkar også for ein god kveld med humor og varme og tankar kring eit alvorleg tema.





Glimt frå arbeidet

Dugnad



Foto: Birgitte Drønen



Konfirmantfest

Foto: Friðleif Lydersen



Pinsefest for 1. klassingar

Foto: Silje Fyllingen og Friðleif Lydersen



Øvste rad:

Mathias Kristiansen Turøy
Tormod Olsen Brandvik
Daniel Ivarsøy Bårdsen
Øyvind Rydland
Ruben Kristoffer Tufteland
Harald Gloppen
Markus Gerhardsen
Malene Solli
Jonas Maraas Moldskred
Nora Marie Hellesund
Frida Alfsvåg Traa

4. rad:

Ingfrid Morsund Øygard
Lina Rydland
Maria Prestbø
Mathilde Bukkøy Rydland
Katrine Lillenes Torland
Awa Zandra van Bree
Klement Bod Fykse

3. rad:

Emilie Nesbø
Kaia Rydland
Helene Eiken
Victoria Sæterbø Nordbustad
Elin Heggøy
Sveinung Myhre
Jonas Vik
Espen Hugøy Berntsen

2. rad:

Maria Synnøve Toskedal Koløen
Tina Volden Nordfonn
Eli Inntveit
Miriam Træet
Synne Hollund
Hanna Oline Tranøy Stokken
Vilde Vestbøstad

1. rad:

Anna Tverderøy
Olav Johannes Oma
Johannes Olsen
Fridleif Lydersen
Daniel Rolfsnes

Foto: Per Egil Larsen





Dette var dei roande orda Harald Rydland opna med då eg kom på kontoret hans for å høyra korleis det ligg an med førebuingane til det store kyrkjelege jubileumsåret i Fitjar i 2017.

Karvel Strømme

Harald er leiar for nemnda som har hovudansvaret for det som skal skje i samband med jubileet, og med seg har han gode folk:

- Sigrid Fangel frå Soknerådet
- Birgitte Brenne frå kyrkjekontoret
- Sokneprest Olav Oma
- Kantor Jan Overweg
- Hildegunn Aadland frå Temakveld-nemnda

Men me må dela dette opp, for det er så utruleg mykje som skal skje, og me vil heller ikkje gå i detalj, for det kjem eit detaljert program ut på hausten 2016.

Me kan eigentleg dela dette i 3 delprosjekt:

- Nytt kyrkjeorgel
- Jubileumsboka for Fitjar kyrkje
- Program for jubileumsåret

Orgelet vert ferdig før den opprin-

neleg fastsette dato, for Fitjar sitt orgel rykte fram i køen hos produsenten i Ålem i Sverige.

Der blir orgelet sett saman komplett, demontert og sendt til Fitjar, der det skal monterast og intonerast, dvs. kvar einiskild pipe må kontrollerast og justerast.

Det heile skal etter planen vera klart til 25. mars, som er Maria bodskapsdag, og då blir det både vigslingshøgtid og fest, med orgelfestveke der lokale krefter skal delta. Dette jobbar kantor Jan Overweg med, og han vil prøva å få med seg både kora i bygda og elevar frå Kulturskulen.

Men før orgelet kan monterast må galleriet byggjast om, og her er no gjeve byggjeløyve, slik at kyrkja blir stengd f.o.m. sept. og fram til advent. I mellomtida blir alle kyrkjelege handlingar lagt til Fitjar bedehus.

Jubileumsboka for Fitjar kyrkje er og i rute. Her er Kjetil Rydland hovudredaktør, Per Egil Larsen fotograf og Aud Gloppen designar, men i tillegg har boka fleire medredaktørar.

Boka går til trykking på seinsommen og kjem i sal i oktober, og dette skal markerast med bokslepp og kulturinnslag.

Boka blir dermed ei flott og spennande julegåve!

Då gjenstår sjølve jubileumsåret for kyrkja, og dette vil følgja kyrkjeåret, dvs. frå advent til advent. Kyrkja vil sjølvstøtt følgja dei ordinære handlingane gjennom året, men i tillegg kjem ein masse spesielle seremoniar knytte direkte til jubileet, og det vil gå slag i slag, månad for månad.

På toppen av dei heile er det og eit anna jubileum i 2017 som vedgår ikkje berre Fitjar, men alle lutherske kyrkjer i heile verda, og det er det store Luther-jubileet, 500 års dagen for dei vidgjetne 95 tesene mot avlatshandelen, som Luther slo opp på kyrkjedøra i byen Wittenberg.

Dette vil sjølvstøtt gå inn i vår lokale feiring på ein eller annan måte, men her er ikkje alle detaljar på plass.

Det som er klart, er at sjølve festveka blir i mars, rundt Maria bodskapsdag 25. mars, men detaljane her skal me venta med til det store programmet kjem i haust, for då er fleire ting på plass.

Men ein ting er sikkert: Alt som skal skje vil vera med på å minna oss om at kyrkja vår er 150 år i 2017!



Frå innsetjingsgudstenesta 14.02.



Foto: Torbjørn Hovland

Det er forventningar i Fitjar kyrkjelyd i år! Me har snart passert halve 2016, og kan byrja nedteljinga fram mot 2017, og då skal det skje store ting i Fitjar; Kyrkja vår fyller 150 år! Og ikkje nok med det; ho skal få nytt orgel!

Karvel Strømme

Den kvite trekyrkja, godt opplyst i mørke haustnetter, vart reist etter at steinkyrkja vart riven i 1866. I 2017 skal ho feirast, med nytt orgel og med jubileumsbok.

Osternes mannskor ser og fram mot dette jubileet, og vil gjerne ta del med vakker song. I samband med dette har koret no i lengre tid fokusert på religiøse folketonar, under inspirerende leiing av vår dirigent Ole Christian Ottestad, og med herlege arrangement av vår akkompagnatør og – ikkje minst - arrangør, Svein Tørnquist.

Berre høyr på desse titlane (du skulle så gjerne fått høyra songen og, men du må nok venta).

- «Av berre det braud» (folketone frå Syrestrond)
- «Du stend med klungeren til kruna» (Stord)
- «Gud er kjærleik» (Sand i Ryfylke)
- «Jesus kom då sjølv til oss» (Luster)
- «Fred til bot for bittert savn» (Fana)
- «Når David slo harpa» (Gransherad)
- «Gud lat din ande og ditt ord» (Etne)

Dette er eit utval, og det er til dels krevjande songar. Men når ting - eller rettare sagt tonane - fell på plass, er det harmoni og glede hos koristane, dirigent og arrangør. Me håpar at tilhøyrarane skal få same kjensla, og ser fram til kyrkjejubileet 2017 !

Ein glad gjevar

- om gjevartenesta i Fitjar kyrkjelyd

I Fitjar er det gode tradisjonar for å gje til ulike føremål. Det er flott. Pengar vert gjeve til ulike lokale tiltak, og mange har syn for å gje til misjon og internasjonalt arbeid. Det er viktig og det vitnar om stor gjevarglede.

Prost Svein Arne Theodorsen

Fornya gjevarteneste

Når biskop Halvor Nordhaug er på visitas er gjevarteneste eit viktig tema for han. Då han var på Bømlo i 2013 sa han: «Eg vil utfordra dykk til å sjå på gjevartenesta. Ikkje fordi den er dårleg, men fordi den må takast vare på, og byggjast vidare ut. Eg tar nok ikkje mykje feil når eg gjettar på at dei eldre er flinkare enn dei yngre og dei som går oftast på bedehus og kyrkje er flinkare enn dei som går sjeldan. Nettopp derfor må ein sjå på korleis gjevartenesta og medansvar kan forkynnast for ein ny generasjon, om ein kan gjera det på nye måtar og venda seg til nye grupper.»

Fleire føremål

I kyrkjelyden på Fitjar er gjevartenesta ordna slik at ein kan velja mellom ulike offerføremål. Det tenkjer eg er bra. Då kan ein prioritera det som ligg ein nærast. Biskopen er og oppteken av det praktiske ved gjevartenesta: «I våre dagar er det mykje



lettare med faste trekk i nettbanken, dei fleste vil ikkje merka det, men arbeidet vil merka det.»

Kyrkjelydsprest

Eg er takksam for at de lokalt finansierer ei kyrkjelydspreststilling. Sjølv vil eg prioritera dette i mi regelmessige gjevartenesta.

Skattefrådrag

Eg minner til slutt om ordninga med skattefrådrag på gåver. Det er ordna slik at om ein gjev gåver til dei føremål som de har i Fitjar sokn, og gjev kyrkja eige personnummer, kan ein få skattefrådrag på desse gåvene. For 2016 har styresmaktene auka gåvebeløpet for skattefrådrag til kr. 25.000. Kyrkjevevjerje kan gje meir informasjon om dette.

Innsamlingskomiteen for nytt kyrkjeorgel inviterer til

ALLSONG I MOAHAGEN

laurdag 25. juni kl. 18.00

meir informasjon kjem på annonser og plakatar

Heilt ny vår

Rigmor Frøyen

*Eg såg ein kvitveis i dag.
Han var så kvit.
Kvitare enn han pleier vere.*

*Og løvetannen.
Så gul.
Så lubben.
Så stolt.*

*Endå større, meir frodig
Enn nokon løvetann eg plukka i fjor.*

*Det grønne graset.
Aldri har det vore så grønt
Som denne våren.*

*Aldri kjende eg angan av bjørka så sterk
Aldri har elva og fossen leika seg så vilt*

*Rødstrupen sin skjelvande tone
Sår og vår og vakker.
Har han lært ein ny sang i år?*

*Linerla vippar så elegant med stjerten.
Det har ho ikkje gjort før?*

*Ny drakt.
Nye fargar.
Nye tonar.
Nytt liv.*

*Eg trur på Gud Fader,
Som skapte og skaper himmel og jord*



Foto: Anne Hardeland

Jonsokbasar

på Fitjar bedehus
fredag 24. juni kl. 19:00

Andakt ved Hildegunn Aadland
Det vert servert kveldsmat

Hjarteleg velkomne!



Foto: Torbjørn Hovland

Søndag 29. mai var det diakonitur til Bømlo. Her var det gudsteneste under open himmel i Moster Amfi, der Herman Inge Aadland preika.

Etterpå gikk turen til HSD Cafe & Brasserie på Svortland der det vart servert middag, og vidare til Brandasund og kaffimat ved bussen undervegs.

Diakoninemnda ønskjer å få innspel når det gjeld diakoniturane.

Det kan vere alt frå destinasjonar for turane, lengde på turane, pris for turane eller andre ting.

Kva synes de?

Vi takkar for alle innspel.

De kan ta kontakt med Fríðleif mobil 471 76 743 eller e-post: frly@fitjar.kommune.no



Foto: Friðleif Lydersen

Stengt kyrkje

Grunna byggjing av nytt galleri, gjorde Fitjar sokneråd i møtet 2. juni vedtak om å stengja kyrkja frå 5. september fram til advent. I denne tida blir alle kyrkjelege handlingar i Fitjar bedehus.



EL-PROFFEN

www.los-elektro.no
firmapost@los-elektro.no
53 42 21 00



Tlf.: 53 45 89 70 - Fax.: 53 45 89 80
Internett: www.mestervindu.no

||| GSE SANDVIK AS

55 60 18 20



**FITJAR
SJØ OG CAMPING**

Din Catering leverandør

Telefon:
41 42 80 38 (Randi)

E-post:
fitjarcamping@haugnett.no



lyd og bilde - telefoni - kvitevarer - møbler - gaveartikler mm.

53 49 73 07
53 49 73 09

www.rydland.as post@rydland.as

Velkommen til ein triveleg handel på Fitjar



joker
- Rydland 53 49 74 40

Duo

No kan du bestille time på nett:
www.ledigtime.no

OPNINGSTIDER:

Man-tys-fre: 9-16

Ons-tor: 9-18

Laurdag: 10-14

Tlf. 53 49 79 72



OPNINGSTIDER

Mån,tirs, fre..... 9-16

Ons,tors..... 9-18

Laur (kun drop-in).. 10-13

Treff oss i 2. etg
i Larsen bygget

For timebestilling ring:
53 49 78 90

Fiks frisyren
hos oss!

**AARBØ & KORSVIK
FORSKALING**

TLF:
916 46 123



GRONAVIKJO UTVIKLING AS

Vestbøstad - 5419 Fitjar
90 12 02 81



Sjøtroll Havbruk AS
Vestbøstad - 5419 Fitjar
919 11 800

Vesthaugane

www.vesthaugane.no
Telefon: 53 49 74 34 - 91 82 41 58



Mobilnr:
975 02381



Mobilnr: 951 89950



STEINGARD AS
Postboks 11, 5418 FITJAR
Telefon 916 67961

Fitjar-Posten

E-POST: tips@fitjarposten.no - MOB: 481 51 491

www.fitjarposten.no



Fitjar
bygdekvinne
909 942 99

Susflidskron

Tlf: 53 49 79 60



53 45 72 00
*
53457220
(fax)

Fitjar Mekaniske Verksted AS



FITJAR

småbåt & fritidsservice

- Me kan fritid

Årskog, 5419 Fitjar 944 30 500 <http://www.fitjarbaat.no/>

SPAR



KVERNENES

Kalveid, 5419 Fitjar
www.kvernernesbaat.no
Telefon: 918 18 157
baatbygg@online.no

VB
VARME & BAD

Hatlevik Rør AS

Tlf: 53 49 93 15



Sko – Gåver – Leiker

Kom: Norsk Tipping
Rikstoto

Tlf. 53 49 71 61



**Fitjar
FJORDHOTELL**

Tlf. 53 45 77 00

**Videoen
Kiosk**



**Engevik &
Tislevoll a.s**

Byggmester og Entreprenørfirma
Tlf. 53457300. Fax. 53457310

Vågen's kro
og catering

48 04 19 09



**Aarskog
Elektro**

AUT. ELEKTROENTREPRENØR – 5419 FITJAR
TLF. 53 49 71 00 – MOB. 40 40 41 45

REMA 1000

bare lave priser

Fitjar - tlf. 53 49 70 50



**AUTO
SERVICE AS**

Tlf. 53 49 71 21

Godkjend bilverkstad EØS-kontrollar

HEIMLI
SHIP DESIGN

SparebankenVest

- satsar på Vestlandet

Avd. Fitjar – Tlf. 0555

*Galleri
Flora as*



Opningstider:
Måndag - onsdag 09.00 - 16.30
Torsdag - fredag 09.00 - 18.00
Laurdag 09.00 - 15.00

Midt i Larsenbygget, Fitjar sentrum
Tlf. 53 49 95 00

Blomster - Gaver - Gravminner



Syng med oss !
OSTERNES MANSKOR



Slekters gang

Døypete:

27. mars:

Lars Terje Bauge Torland Myhre

17. april:

Markus Gerhardsen

24. april:

Leander Storevik Meland

05. juni:

Frida Hatlevik Hillestad

Matheo Nichkhun Artsamai

Jennifer Helland

Josef Helland

Vigde:

04. juni:

Morten Thorland og

Lillianne Jæger Thorland

Jordfeste:

Olav Alfsvåg

f: 12.01.1935 d: 14.04.2016

Anna Liarbø Mjelde

f: 19.02.1923 d: 27.04.2016

Urna sett ned på Fitjar

Elisabeth Rimbereid

f: 03.11.1929 d: 05.05.2016

Berta Liarbø

f: 28.04.1921 d: 05.05.2016

Else Breivik

f: 07.07.1935 d: 10.05.2016

Leif Ingvald Sæbø

f: 27.11.1943 d: 14.05.2016

Ove Gjerde

f: 02.07.1953 d: 02.06.2016

bisett



Gudstenestefliste

19.06. 5 sit	11:00	Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til KFUM-KFUK
26.06. Apostel	11:00	Hovudgudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer til Menneskeverd
03.07. 7 sit	11:00	Hovudgudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer til Maritastiftelsen
10.07. 8 sit	11:00	Friluftsgudsteneste i Vistvik ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
17.07. 9 sit	11:00	Hovudgudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer til Strømmestiftelsen
24.07. 10 sit	11:00	Hovudgudsteneste ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer til Det Norske Misjonsselskap
31.07. 11 sit	11:00	Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til Normisjon
07.08. 12 sit	11:00	Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til Norsk Luthersk Misjonssamband
11.08. Torsdag	19.30	Temakveld og konsert med Trine Rein
14.08. 13 sit	11:00	Fitjarfestivalen, gudsteneste på «Sjøasio» ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til kyrkjelydsprest
18.08 Torsdag	20:00	Kveldsbøn
21.08. Vingard	11:00	Hovudgudsteneste i samband med NMS Sunnhordland sitt årsmøte, Gunnvald Bjotveit og sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til NMS
25.08. Torsdag	19:30	Temakveld og konsert med Askeladden
28.08. 15 sit	11:00	Friluftsgudsteneste og søndagsskulens dag på Fodno ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer til søndagsskulane
04.09. 16 sit	11:00	Hovudgudsteneste og presentasjon av nye konfirmantar, ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til kyrkjelydsarbeidet
11.09. 17 sit	11:00	Hovudgudsteneste ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til NLA
18.09 18 sit	11:00	Hovudgudsteneste på Fitjar bedehus, 50 års-konfirmantar, ved kyrkjelydsprest Fridleif Lydersen, takkoffer til kyrkjelydsprest
25.09 19 sit	11:00	Hovudgudsteneste på Fitjar bedehus med utdeling av 4-årsbok, ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til Søndagsskulekrinsen
29.09 Torsdag	19:30	Temakveld med Sylfest Lomheim, på Seniorsenteret
02.10 20 sit	11:00	Hovudgudsteneste på Fitjar bedehus, ved sokneprest Olav J. Oma, takkoffer til ACTA